



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 27.01.2016  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Vibeke Angelskår Erstad	H	
Arild Gisle Tveranger	FRP	
Agnes Hoshovde Bernes	V	

---

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmann Jarle Landås, møtesekretæ Arthur Kleiveland

---

Berit Kvalvik vart heidra for sin lange og flotte innsats for Frivilligsentralen. Ho var ein pådrivar for å få etablert sentralen i Radøy, som var ein av dei første i Hordaland. Kvalvik var den første daglege leiaren i sentralen, og etter at ho slutta i jobben har ho vore styreleiar i Frivilligsentralen heilt fram til sist haust. Under kommunestyremøtet overrekte ordføraren både blommar og krystallbolle til Berit Kvalvik.

## Saksliste

Saksnr	Tittel
--------	--------

---

- |          |   |
|----------|---|
| 001/2016 | Meldingar og referatsaker                                   |
| 002/2016 | Val av eldreråd 2016-2019                                   |
| 003/2016 | Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2016-2019 |
| 004/2016 | Godtgjersle til folkevalde 2015-2019                        |
| 005/2016 | Godtgjersle til ordførar og varaordførar i Radøy kommune    |
| 006/2016 | Val av høringsalternativ - kommunereform                    |

001/2016: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Arild Tveranger (Frp), som er leiar i kontrollutvalet orienterte kort om arbeidet i det nyalde kontrollutvalet.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

002/2016: Val av eldreråd 2016-2019

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Som medlemmer og varamedlemmer til Radøy eldreråd for valperioden 2016-2019, vert desse valde:

<b>Medlemer</b>		<b>Varamedlemer</b>	
Norvald Elvik		1. Norvald Askeland	
Magnar Klausen		2. Karin Halland	
Oddbjørg Dragøy		3. Berit Kvalvik	
Berit Grindheim			
<b>Frå kommunestyret</b>			
Torill Helland	Ap	1. Else Marie Skartveit Dale	KrF
Laila S. Pletten	Sp	2. Wenche Kalnes Tveranger	Frp

---

003/2016: Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2016-2019

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

**Som medlemmer i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i perioden 2016-2019, vert desse valde:**

<b>Medlemer</b>		<b>Varamedlemer</b>	
Jannicke Helland		1. Gro Borgund	
Johannes Kolås		2. Eli-Helen Gjellestad	
Anna Hella Kartveit		3. Signe Bergvoll	
Berly Hella		4. Wenche Frantzen	
<b>Frå kommunestyret</b>			
Mai-Liss Sylta Møn	Sp	1. Ståle Villanger	V
May Britt V. Gjerde	Sp	2. Morgan Taule	Ap

**Leiar:** Jannicke Helland

**Nestleiar:** May Britt V. Gjerde

-----  
004/2016: Godtgjersle til folkevalde 2015-2019

**Behandling:**

Ordføraren presiserte at dei folkevalde ikkje er inhabile i fastsetjing av si eiga godtgjersle –jfr Kommunelova §40. Det gjeld også ved fastsetjing av godtgjersle til ordførar og varaordførar.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv vert gjeldande frå 22. oktober 2015:

**1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):**

Medlemer i formannskapet	kr 20 000
Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 15 000
Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 25 000
Leiar i kontrollutvalet og byggjenemnda	kr 15 000

Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon.

Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.

Satsane for godtgjersler under punkt 1 vert frå 2017 årleg indeksregulert basert på konsumprisindeksen den 31/12 2016. Satsane vert avrunda opp til næraste tusen.

2. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte)  
kr 1 200

3. Møtegodtgjersle (pr. møte) kr 600

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.

4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler. Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerede tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 3000,- pr. dag. For sjølvstendig næringsdrivande kan det betalast ut inntil kr 3600,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.

5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.

6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.

7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.

8. Kommunestyremedlemar og faste medlemar i utval får kr. 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr – inkludert tilgang til internett.

---

005/2016: Godtgjersle til ordførar og varaordførar i Radøy kommune

#### Behandling:

Ordføraren informerte om at han og varaordføraren har blitt samde om ikkje å ta ordet i handsaminga av si eiga godtgjersle.

Ordføraren fekk honnør frå fleire for at han har tatt initiativet til å gå ned i godtgjersle – frå 100 til 90 prosent av stortingsrepresentant si løn. Ei viktig årsak til dette er at ordføraren i inneverande periode også har fast plass i fylkestinget, og får ei viss godtgjersle der. Samtidig blir godtgjersla til varaordføraren auka frå 10 til 20 prosent av ordføraren si godtgjersle.

#### Vedtak:

1. Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

2. Ved fråtreding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføraren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.

3. Ordføreren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarande HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".
4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.
5. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordførar si godtgjersle frå 1.januar 2016. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

---

006/2016: Val av høringsalternativ - kommunereform

**Behandling:**

Ordføreren orienterte innleiingsvis om den vidare tidsplanen for prosessen fram mot endeleg avgjerd om kommunesamanslåing. Styringsgruppa skal på neste møte (18. februar) drøfta framlegg til intensjonsavtale mellom kommunane Lindås, Meland og Radøy. Kommunestyret skal ta stilling til intensjonsavtalen 3. mars.

**Leif Taule (Sp) kom med følgjande framlegg på vegne av Radøy SP:**

Saka om framtidig kommunestruktur for Radøy skal opp til avgjerd innan 1. juli 2016. For at kommunestyret skal få eit best mogleg beslutningsgrunnlag i denne store og viktige saka, vil det vera viktig at innbyggjarane får fleire gode muligheter til å kunna gje sitt syn til kjenne i saka. Radøy kommune gjennomfører difor både opinionsundersøking og rådgjevande folkerøysting i høyringa av innbyggjarane før kommunestyret gjer vedtak i sak om framtidig kommunestruktur.

Representantar for dei ulike partia gjorde greie for sitt syn i spørsmålet om korleis innbyggjarane skal høyrast i spørsmålet om Radøy skal gå inn i ein ny kommune.

Kenneth Taule Murberg (H) ba om gruppemøte og informerte deretter at Høgre hadde bestemt seg for å stilla sine representantar fritt.

**Avrøysting:**

SP sitt framlegg vart sett opp mot formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 13 (Ap, 4H, KrF, Frp) mot 12 røyster (Sp, V, Henning Haugland, H)

**Vedtak:**

Radøy kommune gjennomfører opinionsundersøking som siste høyring av innbyggjarane før kommunestyret gjer vedtak om eventuell samanslåing.

---